

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jan Torry Sande	FE-223	23/158

Saksnr	Utval	Type	Dato
019/23	Formannskapet	PS	18.04.2023

Handsaming søknad om stønad frå Fedje kommune sitt dugnadsfond

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Vilkår for tildelinga av kulturmidlar går fram av vedtaket frå 2019 (K 097/19):

[...] DUGNADSFOND Det vert oppretta eit dugnadfond på kr.50 000,-. Dekning/finansering er reduksjon av overføring til investering. Tildelingar vert avgjort av formannskapet etter søknad. Ein skal informere om fondet på heimesida til Fedje kommune. Ein kan dele ut midlar til eldsjelar, grupper, lag som ynskjer å oppgradere eller restaurere nærmiljøanlegg, tursti, leikeplassar, og anna. Arbeidet skal vere dugnadsbasert medan fondet vert nytta til å dekke materialutgifter. [...]

Saksopplysningar

Utdrag frå søknad:

«Fedje IL har eit tett samarbeid med Fedje Fleirbrukshall i høve utvikling av tilbod, oppdatering og vedlikehald av utstyr og aktivitetar i hallen. Me er med på å skape dei store og små augeblikka i kvardagen til små og store på Fedje. Me er med og bidreg med både dugnadstimar og pengar. Alt dette plasserast der våre medlemmer er aktive.

Me i Fedje IL ser ein særdeles stor auke i bruken av treningsrommet (Styrkerommet) i hallen. Rommet har eit minimum når det gjeldt utstyr, og me ser at det er eit behov for å utvikle oss. Me ser at treningsapparat er utslitt på grunn av det er godt brukt, noko som eigentleg er veldig bra.

Me i Fedje IL vil gå i lag medstyret i Fedje Fleirbrukshall og kjøpe inn to nye apparat og servicekit for kr 35.000kr. I det høvet søker me dugnadsfondet for kr. 12.000»

Forslag til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Formannskapet - 019/23

F - behandling:

Kamilla B K Karlsen (Ap) ba formannskapet vurdere gildskapen hennar, grunna at hennar mann stå som søkjar frå idrettslaget.



Fedje kommune

Gidske B Kolltveit (Ap) var vara for Kamilla B K Karlsen.
Formannskapet vurderte Kamilla B K Karlsen som gild til handsamling.

F - vedtak:

Fedje Idrettslag får 12 000,- frå dugnadsfondet till utstyr i styrkerommet i fleirbrikshallen.
Sammrøystes vedteke.